

Takstregler for buss og hurtigbåt i Møre og Romsdal frå 01.01.2023 (revidert 28.03.23)

Hugs at du alltid må kunne vise fram gyldig bevis på førespurnad om du reiser med rabattert billett. Ved endring av passasjerkategori, for eksempel frå barn til vaksen, er du sjølv ansvarleg for å refundere eller endre kategori på din billett ved å kontakte FRAM Kundesenter.

Billett kjøper ein billigast i FRAM-appen, men billett kan også kjøpast om bord på buss eller hurtigbåt, og på trafikkterminalene. FRAM har rabatterte billettprisar for barn, studentar, vernepliktige og reisande med rett til honnørbillett.

Vaksen: Person frå 18 til og med 66 år

Barn: Barn under 6 år reiser gratis (unntak er barnehage* og skuleskyss)

Barn frå 6 til og med 17 år betaler barnepris. Barnepris er 50% rabatt av vaksenpris.

Periodebillettar med barnerabatt må aktiverast seinast 30 dagar før du fyller 18 år. Ved fylte 18 år er du ikkje lengre i kategorien barn, og er sjølv ansvarleg for å endre billett.

* Barnehagane kan reise med bussane utan å betale for barna på bussavgangar etter kl. 0900 og før kl 1300. På hurtigbåt gjeld egne reglar.

Honnør: Person over 67 år, person med uførebevis frå NAV, blinde og døvblinde. Ektefellen, registrert partner får og honnørrabatt på enkelreiser når dei reiser saman. Reisande må kunne vise legitimasjon som dokumenterer rett til honnørrabatt.

Student: Person som studerer på full tid ved universitet, høgskole, akademi og tilsvarande, eller heiltids elev ved vidaregåande skole. Student som viser gyldig studentbevis kan kjøpe rabatterte enkeltbillettar på lengre reiser, normalt meir enn 40km.

Gyldige bevis: Skolebevis frå vidaregåande skole, Fagskolen Møre og Romsdal, med studiestad Ålesund eller Kristiansund, studentbevis med kvittering for betalt semesteravgift. Studentbevis for vårsemesteret gjeld til og med august, og studentbevis for haustsemesteret gjeld til og med januar.

Husk at du må kunne vise at du har rett til rabatt om personalet ber om det. Utan gyldig bevis vil du få tilleggsgebyr i ein billettkontroll.

Lærlingar: Lærlingar kan kjøpe billettar med studentrabatt mot framvising av lærlingbevis. Innlogga brukar i VIGO app for fagopplærling, benyttast som gyldig lærlingbevis.

Vernepliktige: Person som er inne til førstegongsteneste, Vernepliktige betalar 50% rabatt på enkeltbillett vaksen mot framvising av tenestebevis, innkallingsbrev, studentbevis frå krigsskolen eller forsvarrets blå id-kort.

Føljeperson: Person som følger ein reisande som har kommunalt ledsagarbevis. Ledsagaren reiser gratis ved framvising av bevis.

Barnevogn: Barnevogn kan takast med gratis viss det er plass om bord. Det er sjåføren eller mannskapet som avgjer om det er plass om bord, ut frå sikkerheit.

Hund: Hund kan takast med mot betaling som for barn 6-17 år. Førarhund, politihund eller anna tenestehund i teneste reiser gratis.

Sykkel: Sykkel kan takast med mot betaling som for barn 6-17 år på buss. På hurtigbåt kan sykkel takast med gratis.

Unntak: Det er gratis å reise med samanslåtte sykklar og små sparkesyklar som enkelt kan tas under armen.

Det er sjåføren eller mannskapet som avgjer om det er plass. Syklar og liknande kan ikkje prioriterast dersom det er fullt.

Reisegods: Inkludert i billetten er utanom handbagasje, inntil to kolli, totalt 30 kg. Større gods som sykkel, spark og liknande kan takast med i den grad det er plass.

Enkeltbillett: Betaling for ei enkelt reise. Det er sonebillettering i Møre og Romsdal, og taksten bereknast utifrå tal soner frå og med avreise til og med sluttpunktet på reisa.

Kjøper du enkeltbillett via appen, vil det bereknast ei gyldighetstid basert på din reisestrekning. Om du reiser i ei sone, kan du reise tur/retur på same billett. Om du reiser frå ei sone til ei anna sone, kan du ikkje reise tur/retur på same billett. Då er billetten berre gyldig på den reisestrekninga du har valt, éin veg.

Om gyldighetstida går ut på grunn av forseinking i korrespondansar, vil sjåføren manuelt godkjenne billetten (basert på reisestrekning og tidspunkt).

Ein er sjølv ansvarleg for å kunne vise fram billetten under heile reisa (med straum på mobilen).

Periodebillett: Periodebillett er betaling for å reise eit fritt tal reiser innafør ei strekning (område).

- Periodebillett 24 timar, tilgjengeleg for vaksen, barn og honnør
- Periodebillett 7 dagar, tilgjengeleg for vaksen, barn og honnør
- Periodebillett 30 dagar, tilgjengeleg for student, vaksen, barn og honnør

FRAM Ung:

Periodebillett 30 dagar som gir rett til eit uavgrensa tal reiser innan Møre og Romsdal i den perioden billetten gjeld for. Billetten gjeld aldersgruppa til og med 24 år. Billetten gjeld ikkje på flybussar og kommersielle ruter. Reisande må vise gyldig aldersbevis på førespurnad.

FRAM Student:

Periodebillett 30 dagar som gir rett til eit uavgrensa tal reiser innan Møre og Romsdal i den perioden billetten gjeld for. Billetten gjeld ikkje på flybussar og kommersielle ruter. Reisande må kunne vise gyldig studentbevis på førespurnad.

FRAM Vaksen Buss:

Periodebillett 30 dagar som gir rett til eit uavgrensa tal reiser innan Møre og Romsdal på buss, i den perioden billetten gjeld for. Billetten gjeld ikkje på flybussar og kommersielle rutar.

FRAM Vaksen Båt+Buss:

Periodebillett 30 dagar som gir rett til eit uavgrensa tal reiser innan

Møre og Romsdal på buss og hurtigbåt, i den perioden billetten gjeld for. Billetten gjeld ikkje på flybussar, kommersielle rutar eller Kystekspressen.

Familierabatt buss:

Laurdag, søndag og heilag dagar (med unntak av 17. mai) kan du som er i kategoriane vaksen, honnør og student ha med inntil fire barn under 18 år gratis på reise med buss så lenge reisestrekninga er lik.

Interrailbillett:

Railarar får 50% rabatt på ordinær vaksen billett på togbussane FRAM Ekspress rute 420 Åndalsnes-Molde og FRAM Ekspress rute 681 Åndalsnes-Ålesund mot å vise fram gyldig railbillett.

Familierabatt båt:

Familierabatt gjelder når ein familie (far/mor og barn i alderen 6-17år) reiser saman og løyser felles billett får alle 25% rabatt på enkeltbillett.

Refusjonar:

Krav om refusjon meldast til FRAM Kundesenter. Periodebillett 30 dagar kan løysast inn i den perioden det er gyldig for. Det vert sett på som om billetten er nytta t.o.m. den dag billetten vert sperra. Refusjon vert gitt etter denne formelen: Pris for periodebillett med frådrag av 2 reiser pr. dag til enkeltbillett minus 17% rabatt. Refusjon av periodebillett 30 dagar ved sjukdom: Billetten blir sperra for bruk, og refusjon vert gitt mot legeerklæring med 1/30 av billettprisen (30-dagar periodebillett) pr. dag billetten ikkje har vore nytta.

Gebyr:

Reisande som ved kontroll ikkje kan vise gyldig billett for påbegynt reise, skal betale tilleggsavgift. Med påbegynt reise forståast at passasjerer er om bord i transportmiddelet. Dette gjeld også reisande som nyttar rabatterte billetter, og som ikkje kan legitimere seg/vise gyldig rabattbevis. Tilleggsavgift kan også krevjast av mindreårige som har fylt 15 år.

- Vaksen/honnør/student: Kr 1150, eller kr 950 om ein betalar på staden.
- Barn og ungdom som har fylt 15 år: Kr 950 uansett form for oppgjær.
- Falsk eller forfalska billett: Kr 2000, og billetten blir inndratt (uavhengig av kategori)

Blir ikkje gebyret betalt på staden, vil det bli sendt faktura og nærare informasjon om betalinga. Manglande betaling vil bli følgd opp, og om nødvendig innkravd ved inkasso. Dette gjeld også mindreårige som har fylt 15 år, men desse vil ikkje vere ansvarlege for kostnadane knytt til inndrivning i samband med inkasso. Føresette vil bli orienterte om forholdet ved manglande innbetaling. Ved gjentatte tilfelle vil dei føresette kunne bli haldne ansvarlege for tapa til FRAM.

Ved ilegging av tilleggsavgift som følgje av manglande rabattbevis, kan tilleggsavgifta bli fråfalla dersom den reisande, innan sju dagar, kan framvise gyldig bevis på at ein hadde rett til rabatt på kontrolltidspunktet. Dette forutsett at ein kan legitimere seg med legitimasjon med bilde når gebyret blir skriva ut. Reisande må sende kopi av gebyrblanketten saman med legitimasjon inn til FRAM Kundesenter. Gebyret blir fråfalle mot eit administrasjonsgebyr på kr 200,-.

For klage på ilegging av tilleggsavgift, send inn ein skriftleg klage til [FRAM Kundesenter](#).